

STATNETT SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Vår dato: 21.05.2025

Vår ref.: 202320329-15 Oppgis ved henvendelse

Dykkar ref.: 2023/2910-14

Saksbehandlar: Marie Rushfeldt

NVE godkjenner Statnett SFs anleggsarbeid i samband med omlegging av 420 kV Sima-Samnanger

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til godkjenning av omlegging av 420 kV Sima-Samnanger 16. februar 2023. Me viser vidare til brev frå Statnett datert 16. mai 2025 med søknad om to nye riggplasser ved Ålvikfjellet, i Kvam herad, i Vestland fylke.

Vedtak om godkjenning

NVE godkjenner justeringane som kjem fram av endringssøknaden «Søknad om midlertidig arealbruk - Omlegging av 420 kV Sima-Samnanger ved Ålvikfjellet», datert 16. mai 2025.¹ Godkjenninga har heimel i gjeldande konsesjon datert 16. februar 2023.² Godkjenninga blir gitt på følgjande vilkår:

- Justeringane må vera i samsvar med vilkår gitt i konsesjonen datert 16. februar 2023.

Informer grunneigarar og rettshavarar om vedtaket


Me føreset at endringa er avklart med grunneigarar og eventuelle andre rettshavarar. Me ber de orientera grunneigarar og rettshavarar om dette vedtaket og om at dei har rett til å klaga. Ein kopi av orienteringa skal sendast til NVE.

Bakgrunn for endringa

Statnett søker om løyve til bruk av to midlertidige riggplasser, samt bruk av eksisterande privat veg til Fosse. Riggplass B9 skal brukast til helikopterflyging og snuplass for betongbiler.


¹ NVE ref.: 202320329-14

² NVE ref.: 200700559-319



Figur 1. Ny riggplass B9 og veg i Fosse, i Kvam herad. Kjelde: Statnett SF

Riggplass B14 skal nyttast til å setja opp brakker.



Figur 2. Ny riggplass B14 ved 420 kV leidning Sima-Samanger, ny trasé, på Smyttet, i Kvam herad. Kjelde: Statnett SF

Statnett beskriv at dei treng desse to midlertidige riggplassane får å kunna gjennomføra fundamentering av mastepunkta lengst vest på den nye traseen til leidningen. Statnett har gått gjennom offentlege kartdatabasar, og det er ikkje registrert spesielle forhold eller restriksjonsområde i nærleiken av B9 og B14. Statnett meiner at anleggsarbeida vil ha lita påverking på omgivnadene, med unntak av noko støy frå helikoptertransporten.

Opphavleg skulle riggplass B3 brukast i staden for B9, men det vart i juni 2024 oppdaga at B3 ikkje kunne nyttast utan vesentleg opprusting. Dermed vart riggområde B9, som ligg



300m lengre ned i lia, forslått i staden. Både vegen og riggområde B9 er grusa, og det skal ikkje gjerast terrenginngrep på verken riggområde eller veg.

Riggplass B14 skal nyttast til å setja opp brakker. Dette for å unngå å køyra personell med helikopter opp og ned dagleg. Det skal ikkje gjerast terrenginngrep på riggområde.

Høyring

Statnett har vore i dialog med grunneigar om bruk av areala.

Energilova opnar for å ikkje senda mindre justeringar på høyring når det «finst uproblematisk».³ Etter vår vurdering er saka godt nok opplyst til at me kan gjera vedtak utan at søknaden blir send på høyring.

NVE informerer Kvam herad, Statsforvaltaren i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune med ein kopi av vedtaket.

NVEs vurdering

Etter NVEs vurdering vil arealbruken ikkje ha store landskaps- eller miljømessige konsekvensar. Me har ingen merknader til justeringane.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfoldloven §§ 8 til 12 er vurderte i konsesjonsvedtaket datert 16. februar 2023. Endringa berører ikkje naturmangfald utover dette. Me har derfor ikkje gjort nye vurderingar etter naturmangfoldlova kapittel II i dette vedtaket.

De har rett til å klaga

De kan klaga på vedtaket. Sjå informasjon om retten til å klaga på siste side.

Med helsing

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Matilde Anker
seniorrådgiver

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

³ Energiloven § 2-1 sjuende ledd (lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.)

**Mottakarliste:**

STATNETT SF

Kopimottakarliste:

STATNETT SF - INGVILD YTTERDAL

KVAM HERAD

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.